

Rektor: - Årleg meirutgift på 66.500

28.04.2008

Transporten av Ljosnes-elevane med drosje kvar morgon tek mykje pengar av Uskedalen skule sitt budsjett, skriv rektor Vidar Haugland i brevet til foreldra som har reagert sterkt på varsel om at drosjeskyssen blir teke bort frå. 1. mai.



Foreldra er Torill Ljosnes/Erlend Moen, Elin Legland og Trude Vikene/ Jostein Legland.

Rektor Vidar Haugland: - Budsjettet er allereie nedskrapa.

Haugland opplyser at sjølv om Tide har redusert den daglege kostnaden frå 500 til 350 kroner gir ordningen likevel ei årleg meirutgift på 66.500 kroner.

Han har purra på tekniske tenester, hatt møte med vegvesenet, drøfta situasjonen med kommunalsjef Asbjørn Skår og vurdert ulike løysingar saman med Atle Jarle Bauge i Tide buss. Vegljøs har kome opp, men utanom dette har ingenting skjedd.

- Utkøyring og buss-skur let venta på seg og skulen har ikkje fått ekstraløyving fodi buss-stoppet er registrert som lovleg og akseptabelt, skriv Haugland.

Dermed må skulen bruka 66.500 kroner av eit allereie nedskrapa budsjett og dette medfører nødvendige proriterte nedskjæringar.

- Og det er ikkje så mange budsjettpostar vi kan redusera. Det vil ramme løn til personalet eller inntak av vikarar, innkjøp av skulemateriell eller kursutgifter til etter- eller vidareutdanning, opplyser rektor. I fjor hadde skulen eit underskot på grunn av ekstraskyssen. Det vil venteleg skje i 2008 og.

Haugland har forståing for at foreldra meiner trafikksituasjonen i Ljosnessvingane er uoversiktleg og farleg for barn og håper som foreldra at situasjonen snart vil bli annleis.

- Eg likar svært dårleg å senda dette brevet, men ser meg likevel nøydd til å gjera det, sluttar Vidar Haugland.

Av Ola Matti Mathisen